



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Geir Moen, 71 25 84 71

## Høyring - Revidering av forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk (munningsfredningssoner) og nedsenking av garn i sjøen - Møre og Romsdal

Statsforvaltaren har sendt på høyring forslag til endringar i forskrift 9. mai 2023 nr. 689 om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen i Møre og Romsdal.

Forslaget omfattar i hovudsak oppretting av manglande samsvar mellom grenseskilt og kartfesting i 4 munningsfredningssoner, endring av fiskeregler i fredingssoner i Sykkylvsfjorden og ei presisering om lysfiske.

Høyringsnotat og forslag til endringsforskrift er vedlagt.

Eventuelle uttaler sendast til vårt postmottak: [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no)

Innspel som gjeld andre tema enn forslaga, vil ikkje bli omtalt i høyringsoppsummeringa.

**Frist for uttale er 25. mai 2025.**

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)  
underdirektør

Geir Moen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Endringsforskrift til forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen i Møre og Romsdal 2
- 2 Adresseliste



## HØYRINGSNOTAT

### Bakgrunn

Statsforvaltaren vedtok i 2023 ny forskrift som regulerer fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen. Forskrifta trådde i kraft 01.06.2023.

Vi har i etterkant fått melding om manglende samsvar mellom grenseskilt og kart i nokre munningsfredingssoner, som må rettast opp. I tillegg foreslår vi mellom anna endringar av fiskeregler i munningsfredingssona i Sykkylvsfjorden, der kommunen har gjort vedtak om grense elv/sjø. Vi ser elles behov for ei presisering knytt til lysfiske. I tillegg er det endring av kommunenamn og ein skrivefeil i koordinat for munningsfredingssona utanfor Ørsta elva. Endringsforsлага er lista opp under:

1. *Manglende samsvar mellom koordinatar og grenseskilt i 4 munningsfredingssoner*
2. *Endring av fiskeregler i fredingssoner i Sykkylvsfjorden etter vedtak om grense elv/sjø*
3. *Behov for presisering om lysfiske*
4. *Endring av kommunenavn etter deling av Ålesund kommune 1.1.2024*
5. *Feil i koordinat for munningsfredingssone utanfor Ørsta elva*

Statsforvaltaren har heimel til å endre forskrift om munningsfredingssoner og nedsenking av garnreiskap gjennom lakse- og innlandsfiskelova § 40 og § 41. Dei fylkesvise forskriftene kan ha strengare reglar enn nasjonale forskrifter, men ikkje mildare.


Det kan opnast for hausting av anadrome laksefisk ved lov eller vedtak med heimel i lov, jf. naturmangfaldlova § 15. Utgangspunktet er at hausting av anadrome laksefisk berre er tillate når det kan dokumenterast at arten produserer eit haustbart overskot, jf. naturmangfaldlova § 16 tredje ledd. Vedtak om å tillate hausting av anadrome laksefisk er heimla i lakse- og innlandsfiskloven § 33. Bestandstilstand for sjøaure og laks i Møre og Romsdal tilseier at det ikkje er grunnlag for hausting av sjøaure og laks mange stader, særleg gjeld dette sjøaure, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 10. Det er difor lagt vekt på føre-vare-prinsippet i gjeldande forskrift for å unngå bifangst av laks og sjøaure, gjennom andre typar fiske, jf. naturmangfaldlova § 9. Forsлага til endringar vil i liten grad påverke beskatning av laks og sjøaure.

### 1. Manglende samsvar mellom koordinatar og plassering av grenseskilt

Vi har fått melding om manglende samsvar i munningsfredingssona utanfor Solnørelva, Ørskogelva, Reiteelva og Kilselva. Statsforvaltaren ser det som viktig at dette blir retta opp, og har undersøkt saka nærmare.

#### Solnørelva/Solnørsvika:

I Solnørsvika er grenseskiltet plassert på Ryttingsneset (markert med rød stjerne), medan koordinatar i forskriftena går til grensepunktet på Rotneset i nordaust (stipla linje).



I forskriftsteksta er det vist til Ryttingsnes:

«I eit sjøområde utanfor Solnørelva, innanfor ei rett linje trekt frå **Ryttingsnes** i sør aust til industrikai ved Håheim i nordvest (sørvestlig hjørne av kai). Vidare innanfor ei rett linje trekt frå Smeltevikneset i sør vest (C) til Skodje kai i nordaust (D).»

Vurdering: Både skilt og tekst viser til Ryttingsnes. Forskriftskart frå 1991 (papirkart) viser også at grensa går til Ryttingsnes. Statsforvaltaren ser det som mest formålstenleg at koordinatar vert oppdatert slik at dei viser til grensepunkt Ryttingsnes. Dermed er det ikkje behov for flytting av skilt.

**Forslag:** Ryttingsnes blir brukt som grensepunkt (der skiltet står).

#### Ørskogelva/Ørskogvika:

På nordsida er det manglande samsvar mellom tekst og koordinatar. Grenseskilt på nordsida er ikkje funne, noko som kan skuldast utbyggingsaktivitet i strandsona eller at det ikke er satt opp skilt. På sørsida er det skilt i Skråvika.



I forskrifta er det vist til denne teksten:

«I eit sjøområde utanfor Ørskogelva, innanfor ei rett linje trekt frå Veaberget i søraust (A), over vestenden av Storskjeret til vestenden av fabrikken til Stavseng & co. i nordvest (B)»

#### Vurdering:

Forskriftstekst er identisk med forskrift av 02.05.1991. Grenselinja i dag stemmer når det gjeld vestenden av Storskjeret. Fabrikken til Stavseng & co er truleg identisk med dagens XL-bygg Stavseng (Ålesundsvegen 1080), som er betydeleg nærmere elvemunningen til Ørskogelva. Blir grensa flyttet dit vil den ikke stemme med Storskjeret, og dessutan gje mindre beskyttelse av fiskebestandane i Ørskogelva. På sørsida finn vi ikke namnet Veaberget på kart, og foreslår at dette blir endra til Skråvika.

#### **Forslag til ny forklaringstekst:**

«I eit sjøområde utanfor Ørskogelva, innanfor ei rett linje trekt frå Skråvika i søraust (A), over vestenden av Storskjeret til steinmolo ved Stillingshaugen i nordvest (B)»


#### **Reiteelva/Søvika, Haram**

Det er manglende samsvar mellom koordinatar i forskrift, forklaringstekst og skiltlassering på begge sider av Søvika.

Skiltlassering er i samsvar med forskriftskart av 1991 (papirkart), men ikke forklaringsteksten.



Skiltet på nordsida står om lag 300 meter frå elvemunning og ikkje 850 meter som oppgitt. Stipla linje viser koordinatar i gjeldande forskrift, og symbol med rød stjerne viser skiltlassing.



#### Forklaringstekst:

«*eit sjøområde utanfor Reiteelva, innanfor ei rett linje trekt frå Svinvika i søraust (A), til punkt i nordvest 850 m frå utløp av Reiteelva (B)*»

#### Vurdering:

Begge skilta står betydeleg nærmare elvemunning enn koordinatar i gjeldande forskrift. Reiteelva er eit relativt lite sjøarevassdrag (1,26 km anadrom strekning, 0,64 ha elveareal), som er stengt for fiske. Stengt fiske i elv betyr at det heller ikkje er lov å fiske frå land i munningsfredingsområdet i sommarhalvåret. Skilta er godt synlege og vi må rekne med at grensa har vore praktisert slik sidan 1991. Sett opp mot storleiken på vassdraget og restriksjonar for allmennheita er høyringsforslaget vårt at grensa blir sett der skilta er. Dermed må koordinatar og forklaringstekst endrast.

#### **Forslag til ny forklaringstekst:**

«*eit sjøområde utanfor Reiteelva, innanfor ei rett linje trekt frå Gulsteinen i søraust (A), til punkt vest for småbåthamn 300 meter frå utløp av Reiteelva (B)*».



## Kilselva/Kilspollen, Volda

I Kilspollen er grenseskilta plassert ved Fugleneset og utløp av Støylselva (markert med rød stjerne). Forklaringstekst viser og til Fugleneset og utløp av Støylselva, medan koordinatar i gjeldande forskriftera er utanfor Straumen i Straumshamn (kort stipla linje).



### Vurdering:

Vi ser av tidlegare forskrifter at grensa først var ute ved Straumshamn, men at grensa vart flytta inn til Fugleneset og Støylselva gjennom ei forskriftsendring 14. juli 1992. Kilselva er eit viktig laks- og sjøaurevassdrag og Statsforvaltaren har mynde til å vurdere grensa på nytt. Ei større sone kan føre til noko mindre beskatning av laks og sjøaure, men det er også knytt allmenne interesser til saltvassfiske i Kilspollen og Straumen. I følgje forvaltningslaget i vassdraget har grensa ved skilta vore praktisert, og dei meiner det blir fiska minimalt med laks og sjøaure utanfor sona og i Straumen. Det er i tillegg ikkje mogleg for yrkesbåtar å gå inn i Kilspollen under bruva ved Straumshamn. Med bakgrunn i desse momenta foreslår vi at grensa blir der skilta er, og at koordinatar blir oppdatert.

**Forslag:** Fugleneset og Støylselva blir brukt som grensepunkt (der skilta står i dag).

## 2. Endring av fiskeregler i fredingssoner i Sykkylvsfjorden

Munningsfredingssona i Sykkylvsfjorden er den klart største i fylket (ca. 8 km lang) med 4 elver som har utløp i sona. Fleire spelte inn ønske om mindre strenge reglar i denne sona på høyringsrunden før revidering av forskriftera, og vi kommenterte i høyringsoppsummeringa at det kan vere aktuelt å sjå på om sona bør ha særskilte reglar på neste revidering. Dei fleste reagerte på at stangfiske frå



land etter saltvassfisk vart forbode delar av året. Kommunen vedtok i 2024 grense elv/sjø for elvene i sona, og har bedt om at fritidsfiske etter saltvassfisk blir meir tilgjengeleg gjennom endring av forskrifta.

#### Vurdering:

Vedtak om grense elv/sjø var ein føresetnad for at Statsforvaltaren ville vurdere endring i fiskeregler så kort tid etter gjeldande forskrift vart vedteken. Dette gjorde det mogleg å skilje mellom 100-meterssone og munningsfredingssone som har differensierte fiskeregler. Vi foreslår berre endringar i fiske etter saltvassfisk med stang og handsnøre frå land, samt endringar i 100-meterssona utanfor Aureelva. Kommunen hadde fleire forslag som vi har vurdert fører til for store endringar i forskrifta.

I dag er det tillate å fiske etter saltvassfisk med stang frå land i munningsfredingssona i Sykkylvsfjorden i perioden 1.6-31.8 og 1.10-28.2, altså 8 månader. Kommunen har bedt om at dette skal være tillate heile året. Sidan fredingssona har så stor utstrekning (8 km) og det no er vedtatt grense elv/sjø for dei 4 elvane som munnar ut i sona, så vurderer vi at det kan opnast for slike fiske heile året, sjølv om det er noko risiko for bifangst av laks og sjøaure. Laks og sjøaure som eventuelt blir fiska utanom opningstida i elvane må sleppast ut igjen (levande eller daud). Det er fisketida i Aureelva som er styrande for fisketid etter laks og sjøaure i munningsfredingssona, jf. vedleggstabell i forskrifta.

#### **Forslag til ny fiskeregel i munningsfredingssona i Sykkylvsfjorden:**

Fiske etter saltvassfisk med stang og handsnøre frå land er tillate heile året i munningsfredingssona i Sykkylvsfjorden.

#### 100-meterssone:

Her vil fisketida for kvar enkelt elv gjelde. For Aureelva er det grense elv/sjø sett langt inn mot elveosen, og elveigarlaget og kommunen har her bedt om fiskeforbod heile året for mellom anna å ivareta anadrom fisk. Dette har vore drøfta med Statsforvaltaren, som stiller seg bak forslaget.

#### **Forslag til ny fiskeregel for 100-meterssona utanfor Aureelva:**

Alt fiske i 100-meterssona i Aureelva blir stengt heile året

### **3. Behov for presisering om lysfiske i fredingssonene i Møre og Romsdal**

Forskrifta i 2023 vedtok forbod mot alt fiske med not og garn inne i munningsfredingssonene. Enkelte fiskebåtar har gått inn i munningsfredingssonene mot elvemunningar og brukt lys til å lokke med seg fisk utanfor sona. Statsforvaltaren har meldt frå om at det ikkje var intensjonen, men ser behov for ei presisering. Etter nasjonale retningslinjer for regulering av fiske ved utløpet av vassdrag med anadrome laksefisk (M-2104 (2021)) kan Statsforvaltaren også regulere bruk av lys ved fiske.

#### **Forslag til ny tekst i §§ 3 og 5:**

##### **§ 3. Fiske i 100-meterssone**

(.....)

Utanfor alle vassdrag med årsikker vassføring der det går anadrom laksefisk, gjeld følgjande fiskeregel i 100-meters sona:



Alt fiske, **inkludert bruk av lys til fiske**, er forbode. Unnateke er fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk med stong frå land, når det er opna for fiske etter den aktuelle arten av anadrome laksefisk i vassdraget.

«.....)

### **§ 5. Fiskereglar i munningsfredingssoner**

I munningsfredingssoner er alt fiske, (**inkludert bruk av lys til fiske**), forbode, med følgjande unntak:

«.....»

### **4. Endring av kommunenamn etter deling av Ålesund kommune 1.1.2024**

Etter oppdeling av Ålesund til Ålesund kommune og Haram kommune er det behov for oppdatering av vedleggstabell i forskrifter.

#### **Forslag til endring av kommunenamn:**

Hildreelva, Reiteelva, Sunnalandselva, Tennfjordelva og Vatneelva hører no til Haram kommune, og dette vil bli endra i vedleggstabellen til forskrifter.

### **5. Feil koordinat for munningsfredingssona utanfor Ørstaelva**

Vi har fått melding om at det er eit siffer for mykje i Y-koordinaten på nordsida av Ørstafjorden ved trigonometrisk punkt på Sesslaberget. Dette er ein tastefeil. Y-koordinat blir retta frå 69005619 til 6900619 (EUREF 89 sone 32).

#### **Økonomiske og administrative konsekvenser**

Det er foreslått lengre fisketid med stang og handsnøre etter saltvassfisk i Sykkylvsfjorden. Dette vil gje auka fiskemogleheter lokalt. I dei 4 munningsfredingssonene der grensene blir klargjort, vil fredingssonene bli større enn markert på kart i to av områda og mindre i dei to andre. Grensene er likevel i stor grad slikt dei har blitt praktisert, og vi vurderer dei til å ha små konsekvensar.

Presisering av lysfiske er ei klargjering av intensjonen med gjeldande forskrift og difor ikkje ei endring. Vi vurderer at dei føreslegne endringane har små administrative konsekvensar for forvaltninga.